

TERTIALRAPPORT 2/14 – KONSESJONSKRAFTOMSETJING - Vedlegg 4

	2014	2015	2016	2017	2018
Budsjett etter T1/14 og adok 3/14	58 300	51 900	44 200	37 500	38 700
Ny prognose T2/14	56 500	55 200	48 400	44 300	43 000
Endring	-1 800	3 300	4 200	6 800	4 300

Føresetnader:

Ny prognose for 2014 og budsjettføresetnader for 2015 til 2018 er basert på marknadpriser og valutakurs per 3. september 2014.

Prognosane i økonomiplanperioden er vidare basert på eit volum på 373 GWh og ein innkjøpskostnad på 13,14 øre/kWh. (10,84 øre/kWh i konsesjonskraftpris og 2,30 øre i innmatingskostnader).

I år 2014 skal vi i samsvar med vedteken strategi for kraftsalet ha pris- og valutasikra 70 % av tilgjengeleg volum. Frå 2015 og vidare framover skal vi ha sikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret.

Volumet som SFE omset for oss i 2014 er på 30 GWh. Dette er siste år av avtalen med SFE. Frå og med 2015 skal vi omsetje alt tilgjengeleg volum gjennom avtalen med Markedskraft ASA.

Prognose 2015-2018:

Frå førre rapporteringstidspunkt, T1/14, har prisane på elektrisk kraft betra seg litt i heile planperioden. Fylkesrådmannen vil kome attende med ei nærare vurdering av prognosane i seinare arbeidsdokument.

Prognose 2014:

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Fylkeskommunen si konsesjonskrafta vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Denne områdeprisen vil ofte avvike noko frå systemprisen og vi veit ikkje på førehand om dette avviket er positivt eller negativt eller kor stort det blir. Derfor må vi ved tertialrapporteringa gjere ei avstemming mellom vår prognosemodell og rekneskapen for å ta omsyn til kva prisar vi faktisk har oppnådd i området. I andre tertial i år har prisen i område 5 vore svakare enn systemprisen. Dette tapet utgjer om lag 2,5 mill. kr. Dette bidreg såleis til at vi trass i noko betring i kraftprisane må justere ned budsjettet med 1,8 mill. kr til 56,5 mill. kr.

Tilråding T2/14: Budsjetterte inntekter 2014 vert redusert med 1,800 mill. kr.